




Chestnut

Mittens

Diagram:



- = Rett på retta, vrang på vranga
- = LLS, løft, løft, strikk dei to vridd saman
- = Strikk 2 rett saman
- = Vrang på retta, rett på vranga
- = Strikk 1, kast, strikk 1, kast, strikk 1 i samme m = 5 m
- = Løft 1 m som om den skulle strikkast rett, 2 rett saman, løft den første m over

- Størrelse:** Dame
- Garn:** Ca. 35 g HS Angel og ca. 17 g HS Silk Mohair
- Pinner:** Ca. 3,5
- Strikkefastheit:** Ca. 20/10

Gradering:

Ønsker du å bruke restegarn og gradere fargane gjer du slik:

Start med lyst garn. Strikk tom omg 7. Bytt den eine tråden til bittelitt mørkare. Strikk tom omg 1 igjen, bytt den andre tråden. Fortsett slik og bytt til ein mørkare tråd på omg 1 og omg 7.

Forkortingar:

lls = Løft, løft, strikk dei 2 m vridd rett saman

2 rsm = 2 m rett saman

Oppskrift:

Legg opp med 1 tråd angel og 1 tråd silk mohair 36 m på pinne 3,5. Prøv på at dei passar di hand. Gå evt eit halvt nr opp eller ned i pinnestr.

Strikk 3 omg glattstrikk for å få ein liten rullekant.

Strikk mønster etter diagrammet til du har 4 rader med nøtter eller ca 8 cm. Avslutt etter ein omg 7. No skal toppen på den første nøtta markere starten på tommelekilen. Sett ein MM på var side av første m på omg 7. (Denne vises som m 3 i diagrammet)

Tommelkile:

Fortsett å strikke rundt etter diagrammet

På kvar 3. omg skal du auke 1 m mot høgre etter den første MM og 1 m mot venstre før den andre MM til du har 17 m mellom MM. Alle dei nye m skal strikkast rett.




Halvvanter:

Når du er ferdig å auke til tommelekile, setter du tommelekilene på ein maskewire. Legg opp 1 ny m der kilen var og fortsett å strikke rundt i 5 cm.

Avslutt etter omg 5 eller 11. Strikk 3 omg glattstrikk. Fell av. No får du ein liten rullekant. Vil du bruke votten på begge sider, så dropp dei 3 omg med glattstrikk slik at kanten ikkje ruller seg.

Vottar:

Om du heller vil strikke vottar, strikker du partiet etter tommelekilen så lang at det når opp til tuppen på lisjefingeren. Slutt etter ein omg 1 eller 7 men **utan å auke til ein ny nøtt på den omg = 24 m Du strikker 1 vrang i staden for** 

Fell slik:

Sett resten av m på 4 pinner = 6 m på kvar.

Strikk 1 omg rett.

Strikk 1 omg med felling * 2 rett saman, 4 rett * Gjenta *-* totalt 4 ganger.

Strikk 1 omg rett.

Strikk 1 omg med felling * 2 rett saman, 3 rett * Gjenta *-* totalt 4 ganger.

Strikk 1 omg rett.

Strikk 1 omg med felling * 2 rett saman, 2 rett * Gjenta *-* totalt 4 ganger.

Strikk 1 omg rett.

Strikk 1 omg med felling * 2 rett saman, 1 rett * Gjenta *-* totalt 4 ganger.

Klipp av garnet og drag igjennom resten av maskane.

Tommel:

Sett maskane frå maskewiren over på pinner og plukk opp 1 m i den m du la opp, samt 1 m på kvar side av denne. Disse to ekstra m strikker du vridd saman med 1 m frå tommelen for at det ikkje skal verte hol.

Strikk 7 omg rett. Fell av.

For vottar, strikk glattstrikk til tommelen er like lang som din tommel. Strikk 2 rett saman omg ut. Drag gjennom tråden og snurp saman.



Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk / #chestnutmittens om du vil. Lykke til♥

Elisabeth